

MØTEBOK REPRESENTANTSKAPSMØTE 2024 SUNNMØRE FRILUFTSRÅD (KO)

Representantskapsmøtet vart halde 3. april 2024 på Myra kulturbygg i Vestnes kommune. Innkalling og sakliste vart sendt ut 7. mars, oppdatert sakliste vart sendt ut 27. mars 2024 (vedlegg til sakene vart lagt ut i digital lenke på nettsida til friluftsrådet).

Før representantskapsmøtet var det omvising i det statleg sikra friluftsområdet Kråkvika. Der sørga Emil Balstad (einingsleiar tekniske tenester Vestnes kommune) og Per Ottar Bjørdalsbakke (Kråkvikas Venner) for omvising og orientering om arbeidet med opparbeiding, drift og bruk av friluftsområdet.

Tilbake i møtelokalet ønska ordførar Randi Bergundhaugen representantskapet velkomne til Vestnes, og orienterte om kommunen og friluftsarbeidet deira. Før sjølve representantskapsmøtet starta, vart staben i Sunnmøre friluftsråd presentert. Dei orienterte om dei ulike fagområda og prosjekta som friluftsrådet har i kommunane. Det vart også orientert om 50-årsjubileet til friluftsrådet 2024.

Desse møtte på representantskapsmøtet:

Kvar deltakarkommune har valt to representantar med vara for kommunevalperioden. Desse møtte:

Kommune	Møtte utsendingar
Fjord kommune	-
	-
Giske kommune	Hanne Roaldsnes
	Kåre Sæter
Haram kommune	Siv Katrin Ulla Hagala (vara)
	Caroline Kjerstad Grønli
Hareid kommune	Bernt Brandal
	-
Herøy kommune	Ann-Kathrin Storøy
	Frank Roy Moltu (vara)
Sande kommune	Dag Vaagen
	Wenche Bjørkeng (vara)
Stranda kommune	Rolf Ness
	Antonia Kolodziejczyk
Sula kommune	Nils Erik Bjørkavåg
	-
Sykkylven kommune	Øyvind Hunnes
	Anne Kari Aamodt
Ulstein kommune	Stian Skorgen Scheide
	Mariette Elise Gjerde
Vanylven kommune	Paul Sindre Vedeld
	Nils Olav Moen
Vestnes kommune	Nils Aimar Brastad
	Ragnhild Tandstad
Volda kommune	Sølvi Dimmen
	-
Ørsta kommune	Siri Dahl Masdal
	Gunnar Knutsen
Ålesund kommune	Arild Holmeide
	Tore Johan Øvstebø (vara)

Sitjande styre som møtte:

Kommune	Styremedlemmar Sunnmøre friluftsråd
Fjord kommune	Eva Hove (leiar)
Ulstein kommune	Berit Sandvik Skeide (nestleiar)
Giske kommune	Jan Ove Skodjevåg
Hareid kommune	Bernhard Harkjerr (vara for Annika Brandal)
Herøy kommune	Linn-Therese Hansen Sævik
Stranda kommune	forfall
Sande kommune	Sindre Slettestøl
Sykkylven kommune	Trond Bonesmo
Sula kommune	Nils Erik Bjørkavåg (er utsending)
Vanylven kommune	John Willy Klungre
Vestnes kommune	Jon Kåre Osdal
Volda kommune	Ola Einang
Ørsta kommune	Karen Høydal
Ålesund kommune	Jarle Hauge Steffenssen, Janet Roelofs, 1 forfall
Tilsettrepresentant	Christer Lundberg Nes

Andre:

Ordfører i Vestnes Randi Bergundhaugen.

Valnemnda ved Martin Kjøpstad og Bernhard Harkjerr (også vara styremedlem)

Nye styremedlemmar: Sveinung Vemøy (ny Sykkylven) og Bente Iren Flåvik Bjørndal (ny Ørsta).

Staben i friluftsrådet: Dagleg leiar AB Støyva Emblem, driftsleiar Pål Høyberg, leiar skjergardstenesta Torgeir Sund, tilsett skjergardstenesta Christian Ødegaard, fagleiar aktivitet Christer Lundberg Nes (er også tilsettrepresentant i styret), prosjektleiar aktivitet Hilde Ellingsæter, tilsett Malin Giske, tilsett marin forsøpling Randi Kjerstad Hagerup, midlertidig tilsett Linda Bakken.

Representantskapsmøtet vart sett med 25 (av 30) røysteføre utsendingar.

SFR sak 1/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner innkallinga og sakslista for representantskapet 2024

SFR sak 2/24: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under møteboka

Samrøystes vedtak:

Representantskapet vel styreleiar Eva Hove som ordstyrar og dagleg leiar Støyva Emblem som sekretær, og Siv Katrin Ulla Hagala og Tore Johan Øvstebø til å skrive under møteboka.

SFR sak 3/24: Årsrapport 2023

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrapporten til Sunnmøre friluftsråd (KO) for 2023.

SFR sak 4/24: Årsrekneskap 2023

Samrøystes vedtak:

Sunnmøre friluftsråd (KO) er eit eige rettssubjekt som fører eigen rekneskap (jf. samarbeidsavtalen § 19). Representantskapsmøtet godkjenner rekneskapen for 2023.

SFR sak 5/24: Medlemskontingent for 2025

Samrøystes vedtak:

Medlemskontingenten for Sunnmøre friluftsråd (KO) for 2025 vert sett til 21,63 kr per innbyggjar.

SFR sak 6/24: Markering av 50-årsjubileumet til Sunnmøre friluftsråd 17. august 2024

Samrøystes vedtak:

Representantskapet for Sunnmøre friluftsråd (KO) er inviterte til arrangement 17. august 2024 på Parken Kulturhus i Ålesund (Foajeen i 3. etg.) for å markere 50-årsjubileumet til Sunnmøre friluftsråd. Også andre ordførarar og kommunedirektørar i medlemskommunane vert inviterte.

SFR sak 7/24: Ny arbeidsbåt for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 2024

Samrøystes vedtak:

Representantskapet i Sunnmøre friluftsråd (KO) støttar styrevedtaket i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal datert 13.12.23 om å utvide tenesta til to skjergardstenestebåtar, og målet om å inngå kontrakt om kjøp av ein ny arbeidsbåt i 2024. Den nye båten skal driftast saman med eksisterande arbeidsbåt Rigmor. Sunnmøre friluftsråd sin eigenandel i spleiselaget i kjøp av ny arbeidsbåt er etter skjergardstenesta sitt budsjett 1 mill. kr. Finansiering av eigenandelen:

- Sunnmøre friluftsråd båtfond til framtidig arbeidsbåt avsett i 2019: 470.000 kr
- Avsetning i budsjettet for 2024: 200.000 kr
- Resterande beløp vert avsett i budsjettet i 2025. Eventuell sponsorstøtte vil redusere Sunnmøre friluftsråd sitt resterande bidrag

SFR sak 8/24: Andre inntømne saker

Ingen inntømne saker å behandle.

SFR sak 9/24: Handlingsplan 2024-2026 med arbeidsplan for 2024

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner Handlingsplan Sunnmøre friluftsråd 2024-26 med arbeidsplan 2024.

SFR sak 10/24: Årsbudsjett 2024

Samrøystes vedtak:

1. Representantskapsmøtet godkjenner årsbudsjettet for 2024.
2. Representantskapet ber om at 200.000 kr vert avsett til båtfond i 2024.
3. Representantskapsmøtet gir styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida blir avklart.

SFR sak 11/24: Val

Kommunane som skulle gjere det, hadde valt og meldt inn styremedlem og varamedlem før representantskapsmøtet.

Innmeldte styremedlemmar som kommunestyra har valt for perioden 2024 - mars 2026:

Kommune	Styremedlemmar	Vararepresentantar
Fjord	Eva Hove (attval)	Almar Bonsaksen Remme (ny)
Haram	Guttorm Kjerstad (ny)	Kathrine Pernille Beite (ny)
Hareid	Annika Brandal (attval)	Bernhard Harkjerr (attval)
Giske	Jan Ove Skodje (attval)	Kjersti Valderhaug Bakke (ny)
Sande	Sindre Slettestøl (attval)	Sara Fugledal Wiik (ny)
Sykkylven	Sveinung Vemøy (ny)	Eva Eline Tandstad (attval)
Ulstein	Berit Sandvik Skeide (attval)	Stig Ole Borgundvåg (ny)
Vanylven	John Willy Klungre (attval)	Njål Sivertstøl (ny)
Volda	Annlaug Sunde Stokke (ny)	Stig Helland (ny)
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal (ny)	Marita Aklestad (ny)
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen (attval)	Thor Erik Aag (ny)
Ålesund	Ole Grebstad (ny)	Unni Kristin Wiik (ny)

Styremedlemmar valde for perioden 2023 - 2025 som allereie sit i styret (på val i mars 2025):

Kommune	Styremedlemmar (ikkje på val)	Vararepresentantar (ikkje på val)
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik	Sigurd Nygard
Stranda	Bodil Lie (fast møtande vara)*	
Sula	Nils Erik Bjørkavåg	Karoline Antonie Slinning
Vestnes	Jon Kåre Osdal	Sissel Vik Vasseli
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes	Hilde Ellingsæter

*Stranda kommune: Bodil Lie er fast møtande vara fordi valde medlem Petter Hjørungdal er blitt vald inn i kontrollutvalet i Stranda, og kan difor ikkje stille som styremedlem.

Valkomiteen v/Martin Kjøpstad la fram innstillinga frå valnemnda:

Leiar 2024-25: Eva Hove (Fjord) (attval)

Nestleiar 2024-25: Berit Sandvik Skeide (Ulstein) (attval)

Revisor 2024-25: Møre og Romsdal Revisjon SA (attval)

Samrøystes vedtak:

1. Representantskapsmøtet tek til vitande nye styremedlemmar med vara for perioden 2024-2026 som kommunane har meldt inn.
2. Representantskapsmøtet vel Eva Hove som styreleiar og Berit Sandvik Skeide som nestleiar fram til representantskapsmøtet 2025.
3. Representantskapsmøtet vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor fram til representantskapsmøtet 2025.

SFR sak 12/24: Val av valnemnd

Samrøystes vedtak:

Representantskapet vel følgjande valnemnd med tre-årig rotasjon for faste medlemmar:

Leiar: Martin Kjøpstad, 2022-2025 (Vestnes)

Medlem: Bernhard Harkjerr (Hareid) 2024-2027 (Hareid)

Medlem: Karen Høydal 2025-2028 (Ørsta)

Avslutning av representantskapsmøtet. Styreleiar Eva Hove takka for møtet.

Styreleiaren takka av styremedlemmar som går ut av styret etter representantskapsmøtet: Karen Høydal (Ørsta), Jarle Hauge Steffensen (Ålesund), Janet Roelofs (Ålesund), Ola Magne Einang (Volda) og Trond Bonesmo (Sykkylven). Styreleiar takk også Lena Landsverk Sande som gjekk ut av valnemnda etter tre år.

Referent Anne Berit Støyva Emblem.

Signering:

Siv Katrin Ulla Hagala
representant

Tore Johan Øvstebø
representant

